

TUR NUMMER 8

Stemmen

Turen startar ved Smiå på Kvernaland kor det er mogleg å parkere. Det var her ved Frøylandsånå at Ole Gabriel Kverneland i 1879 etablerte si første smie. Denne er i dag eit museum. Herifrå går turen til Stemmen, kor det i 1895 vart bygd ein demning med kanalar som fungerte som energimagasin for Kvernlands fabrikk. I Stemmen er det også fint å bade.

Turen vidare går gjennom Stemmen park som Kvernaland velforening har opparbeida på ein flott måte. Her har ein Stemmen på den eine sida og aktivitetsparken på andre. På vegen går ein forbi nye Kvernaland omsorgssenter som opna våren 2015. Her er det mogleg å ta ein runde rundt omsorgssenteret og Kræjen friluftsområde med gapahuk.

Vidare går turen på grusveg mellom byggjefelt, landbruksjord og flott kulturlandskap. Løftar ein blikket mot nordaust kan ein sjå Brekkenuten som ligg 137moh. Deretter går turen inn på Brekkevegen. På høgre side får du då ein naturleikeplass og ein liten skog som er fin å leike i. Turen går så inn til byggjefeltet Floen kor det er mange leikeplasser for barn. Turen går på gong- og sykkelstiar tilbake til Smiå.



Fakta om turen

Lengde: 4,2 km

Belysning i byggjefeltet

Tilpassa barnevogn

Teiknforklaring

-  Parkeringsplass
-  Utsiktspunkt
-  Badeplass
-  Barnehage/leikeplass

